

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.04.2021

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune gjev følgjande uttale til komitéhøyring for Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022- 2033:

Uttalen baserer seg på framlagt Stortingsmelding og Vestland fylkesting sin uttale av 12. mai 2020.

Vestland er viktig for nasjonal verdiskaping. Fylket har store utfordringar knytt til tryggleik og framkome på vegnettet, noko som gjer at verdiskapingspotensialet ikkje blir utnytta. Satsing på infrastruktur på Vestlandet vil kome nasjonal verdiskaping til gode. Dette er særleg viktig generelt, men er forsterka av pandemien. Spesielt fylkesvegnettet i Vestland har stort forfall og aukande etterslep på standard, og arbeidet med rassikring er avgjerande for å auke tryggleiken.

1. Fylkesutvalet meiner det er mykje positivt i framlegget til Nasjonal transportplan 2022-2033 som vil betre forholda for befolkning og næringsliv, og vil særleg framheve:

a) Det er heilt naudsynt å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Vestland fylkeskommune er difor positiv til at det no blir sett av midlar til ei styrkt fylkesvegsatsing, og at det blir gitt kompensasjon til gjennomføring av statlege krav etter tunneltryggleiksforskrifta.

b) Fylkesutvalet er tilfreds med at staten sine forplikingane i byvekstavtalen er vidareført inklusiv finansiering av bybanen byggjetrinn 5 til Åsane med forlenga Fløyfjellstunnel. Fylkesutvalet noterer seg at Staten viser vilje til auka ambisjonar ved fornya byvekstavtale.

Fylkesutvalet meiner NTP-framlegget i høve desse to punkta er ei større grad av styringsdokument enn tidlegare NTP-ar, og meiner det er fornuftig, då det føreset større statleg økonomisk forpliking.

c) Fylkesutvalet syner til prosjekta som ligg inne i NTP 2022-2033 og er stort sett nøgd med prioriteringane.

Fylkeskommunen har i sine innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 særleg prioritert E16 og Vossabanen, og er glad for at det no er lagt opp til oppstart av fellesprosjektet i første periode. Likevel vil fylkesutvalet understreke viktigheita av samanhengande utbygging av veg og bane (K5 Arna-Stanghelle) i dette prosjektet.

Fylkesutvalet noterer seg at NTP-framlegget legg opp til porteføljestyling på til dømes E16/Vossebana, men er uroleg for at lite av løyvingane til prosjekta er lagt inn i første 6-årsperiode, og forventar at prosjekta som no er lagt inn vert gjennomførte.

2. Fylkesutvalet vil peike på at auken i midlar til fylkesveg ikkje er tilstrekkeleg, sett i lys av den dårlege tilstanden og det store etterslepet på store deler av fylkesvegnettet. Midlane til kompensasjon til tunneltryggleiksforskrifta er heller ikkje tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene. Fylkesutvalet ber Stortinget auke midlane avsett til å ta igjen etterslepet på fylkesvegnettet og til å oppfylle tunneltryggingforskrifta, og føreset at midlane er føreseielege og tek utgangspunkt i det reelle vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet slik at prosjekta kan planleggjast og sikrast framdrift. Fylkesutvalet føreset at det ikkje ligg anna i formuleringa om krav til eigendel enn at dei ekstra midlane frå staten skal kome i tillegg til dei midlane fylkeskommunen nyttar til investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet over våre årlege budsjett.

3. Vestland fylkeskommune har store utfordringar knytt til ras på fylkesvegnettet, og er svært skuffa over at det ser ut til at det ikkje vert lagt opp til ei vidare opptrapping av rassikringsmidlane slik det vart lagt opp til i førre rullering av Nasjonal transportplan.

Utfordringane med ras har auka dei siste åra mellom anna som følgje av meir ekstremvêr, noko som har ramma Vestland i særleg grad.

Fylket har mange sær sarsutsette fylkesvegar, der me ønskjer snarlege tiltak. Fylkesutvalet vil særleg peika på at FV7 Tokagjelet er omkøyringsveg for E16, og krev snarleg stor investering, der me ber om statleg bidrag.

Rassikringsmidlane må fordelast etter behov (middels og høg skredfaktor).

4. Det er store behov på riksvegnettet i Vestland. Fylkeskommunen vil særleg peike på følgjande prosjekt som ikkje er prioriterte i forslaget til Nasjonal transportplan 2022-2033 (uprioritert rekkefølge):

a) Det er sær uheldig at prosjektet E39 Klauvaneset-Vågsbotn ikkje ligg inne i NTP 2022-2033. Dette er eit prosjekt som er prioritert av både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

b) Rv. 13 Vikafjellsvegen er den fjellovergangen i Sør- Noreg som er mest vinterstengt, og der det er stor rasproblematikk. Vi kan ikkje sjå at rammene til Nye veier AS til strekninga er tilstrekkelege til å starte opp dette prosjektet.

c) Rv. 15 Strynefjellet har tronge tunnelar, er rasfarleg og har vanskeleg vinterdrift. Det er stort behov for ny tunnel på dette sambandet.

d) Fylkesutvalet meiner at E39 Bogstunnelen og E39 Romarheimstunnelen, strekningsvis utbetring av flaskehalsar på E39 Byrkjelo-Sandane og E134 Bakka-Solheim bør prioriterast inn i NTP.

5. Det er svært gledeleg med styrking av Barnas Transportplan. I tillegg til trygge vegar for skulereiser, vil det også vere svært viktig for born og unge å kunne reise til vener / aktivitetar utanom skuletida. Utfordringane som er beskrivne i NTP om dette, bør følgjast opp med midlar til lokale transportmidlar til ungdom.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt til Øren Heen sitt forslag punkt 1b

Fylkesutvalet finn at Bybane byggjetrinn 5 til Åsane må stillast i bero då det ikkje er økonomisk bærekraftig å hente heile 50% av prosjektfinansieringa med bompengelån, ein bompenggeauke på 51%. Prosjektet var frå før omstridt grunna det høge investeringsnivået, liten støtte i bydelane Åsane og Arna og alvorlege miljøutfordringar som følgje av inngrep langs verdsarvstaden Bryggen og naturområder i Åsane.»

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Tillegg til Øren Heen sitt forslag punkt 1C

Fylkesutvalet er likeeins glad for prioriteringa av E39 Ådland-Svegatjørn i første periode.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

a) «Alternativ

Punkt 2b frå fylkesrådmannen går ut.»

b) «Alternativ

Stryk følgjande setning i pkt 3 fra fylkesrådmannen; "Fylkesutvalet meiner det er uheldig at delar av midlane vert søkbare»

c) «Tillegg

Tillegg til fylkesrådmannens pkt 5a; Vidare må E39 Ringveg Øst prioriterast i planperioden for å leia gjennomgangstrafikken nord-sør utanom Bergen sentrum.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG fram slikt forslag:

«Endring til Øren Heen sitt forslag punkt 1C tredje avsnitt: ta bort "til dømes":

Fylkesutvalet noterer seg at NTP-framlegget legg opp til porteføljestyling på E16/Vossebana, men er uroleg for at lite av løyvingane til prosjekta er lagt inn i første 6-årsperiode, og forventar at prosjekta som no er lagt inn vert gjennomførte.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slik protokollmerknad på vegner av Folkeaksjon Nei til meir bompenger:

Bybane byggjetrinn 5 til Åsane må stillast i bero då det ikkje er økonomisk bærekraftig å hente heile 50% av prosjektfinansieringa med bompengelån. Samanlikna med 66% statleg andel er bompengauken på 51%. Prosjektet var frå før omstridt grunna det høge investeringsnivået, liten støtte i bydelane Åsane og Arna og alvorlege miljøutfordringar som følgje av inngrep langs verdsarvstaden Bryggen og naturområder i Åsane.

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag med Søviknes sine forslag fekk 2 røyster (FRP) og fall. Øren Heen sitt forslag punkt 1b vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, FRP) for Andersen sitt forslag. Hammer sitt forslag fekk 3 røyster (SV, U, MDG) og fall. Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (FNB, SV, U, MDG, V). Øren Heen sitt forslag unnateke punkt 1b vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune gjev følgjande uttale til komitéhøyring for Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022- 2033:

Uttalen baserer seg på framlagt Stortingsmelding og Vestland fylkesting sin uttale av 12. mai 2020.

Vestland er viktig for nasjonal verdiskaping. Fylket har store utfordringar knytt til tryggleik og framkome på vegnettet, noko som gjer at verdiskapingspotensialet ikkje blir utnytta. Satsing på infrastruktur på Vestlandet vil kome nasjonal verdiskaping til gode. Dette er særleg viktig generelt, men er forsterka av pandemien. Spesielt fylkesvegnettet i Vestland har stort forfall og aukande etterslep på standard, og arbeidet med rassikring er avgjerande for å auke tryggleiken.

1. Fylkesutvalet meiner det er mykje positivt i framlegget til Nasjonal transportplan 2022-2033 som vil betre forholda for befolkning og næringsliv, og vil særleg framheve:

a) Det er heilt naudsynt å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Vestland fylkeskommune er difor positiv til at det no blir sett av midlar til ei styrkt fylkesvegsatsing, og at det blir gitt kompensasjon til gjennomføring av statlege krav etter tunneltryggleiksforskrifta.

b) Fylkesutvalet er tilfreds med at staten sine forplikningane i byvekstavtalen er vidareført inklusiv finansiering av bybanen byggjetrinn 5 til Åsane med forlenga Fløyfjellstunnel. Fylkesutvalet noterer seg at Staten viser vilje til auka ambisjonar ved fornya byvekstavtale.

Fylkesutvalet meiner NTP-framlegget i høve desse to punkta er ei større grad av styringsdokument enn tidlegare NTP-ar, og meiner det er fornuftig, då det føreset større statleg økonomisk forpliktning.

c) Fylkesutvalet syner til prosjekta som ligg inne i NTP 2022-2033 og er stort sett nøgd med prioriteringane.

Fylkeskommunen har i sine innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 særleg prioritert E16 og Vossabanen, og er glad for at det no er lagt opp til oppstart av fellesprosjektet i første periode.

Likevel vil fylkesutvalet understreke viktigheita av samanhengande utbygging av veg og bane (K5 Arna-Stanghelle) i dette prosjektet.

Fylkesutvalet noterer seg at NTP-framlegget legg opp til porteføljestyling på til dømes E16/Vossebana, men er uroleg for at lite av løyvingane til prosjekta er lagt inn i første 6-årsperiode, og forventar at prosjekta som no er lagt inn vert gjennomførte.

Fylkesutvalet er likeeins glad for prioriteringa av E39 Ådland-Svegatjørn i første periode.

2. Fylkesutvalet vil peike på at auken i midlar til fylkesveg ikkje er tilstrekkeleg, sett i lys av den dårlege tilstanden og det store etterslepet på store deler av fylkesvegnettet. Midlane til kompensasjon til tunneltryggleiksforskrifta er heller ikkje tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene. Fylkesutvalet ber Stortinget auke midlane avsett til å ta igjen etterslepet på fylkesvegnettet og til å oppfylle tunneltryggingforskrifta, og føreset at midlane er føreseielege og tek utgangspunkt i det reelle vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet slik at prosjekta kan planleggjast og sikrast framdrift. Fylkesutvalet føreset at det ikkje ligg anna i formuleringa om krav til eigendel enn at dei ekstra midlane frå staten skal kome i tillegg til dei midlane fylkeskommunen nyttar til investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet over våre årlege budsjett.

3. Vestland fylkeskommune har store utfordringar knytt til ras på fylkesvegnettet, og er svært skuffa over at det ser ut til at det ikkje vert lagt opp til ei vidare opptrapping av rassikringsmidlane slik det vart lagt opp til i førre rullering av Nasjonal transportplan. Utfordringane med ras har auka dei siste åra mellom anna som følgje av meir ekstremvær, noko som har ramma Vestland i særleg grad.

Fylket har mange særst rasutsette fylkesvegar, der me ønskjer snarlege tiltak.

Fylkesutvalet vil særleg peika på at FV7 Tokagjelet er omkøyringsveg for E16, og krev snarleg stor investering, der me ber om statleg bidrag.

Rassikringsmidlane må fordelast etter behov (middels og høg skredfaktor).

4. Det er store behov på riksvegnettet i Vestland. Fylkeskommunen vil særleg peike på følgjande prosjekt som ikkje er prioriterte i forslaget til Nasjonal transportplan 2022-2033 (uprioritert rekkefølge):

a) Det er særst uheldig at prosjektet E39 Klauvaneset-Vågsbotn ikkje ligg inne i NTP 2022- 2033. Dette er eit prosjekt som er prioritert av både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

b) Rv. 13 Vikafjellsvegen er den fjellovergangen i Sør- Noreg som er mest vinterstengt, og der det er stor rasproblematikk. Vi kan ikkje sjå at rammene til Nye veier AS til strekninga er tilstrekkelege til å starte opp dette prosjektet.

c) Rv. 15 Strynefjellet har tronge tunnelar, er rasfarleg og har vanskeleg vinterdrift. Det er stort behov for ny tunnel på dette sambandet.

d) Fylkesutvalet meiner at E39 Bogstunnelen og E39 Romarheimstunnelen, strekningsvis utbetring av flaskehalsar på E39 Byrkjelo-Sandane og E134 Bakka-Solheim bør prioriterast inn i NTP.

5. Det er svært gledeleg med styrking av Barnas Transportplan. I tillegg til trygge vegar for skulereiser, vil det også vere svært viktig for born og unge å kunne reise til vener / aktivitetar utanom skuletida. Utfordringane som er beskrivne i NTP om dette, bør følgjast opp med midlar til lokale transportmidlar til ungdom.

Protokollmerknad frå Folkeaksjon Nei til meir bompenger:

Bybane byggjestrinn 5 til Åsane må stillast i bero då det ikkje er økonomisk bærekraftig å hente heile 50% av prosjektfinansieringa med bompengelån. Samanlikna med 66% statleg andel er bompengauken på 51%. Prosjektet var frå før omstridt grunna det høge investeringsnivået, liten støtte i bydelane Åsane og Arna og alvorlege miljøutfordringar som følgje av inngrep langs verdsarvstaden Bryggen og naturområder i Åsane.

